



## **Saksprotokoll**

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 04.06.2018

**Sak nr.:** 17/562-24  
**Internt I.nr.** 29612/18

**Sak:** 35/18

**Tittel:** **Forvaltningsrevisjon av innkjøp - Tilleggsbestilling**

**Behandling:**

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert følgd opp som ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.

**Handsaming i møte:**

Fylkesrådmannen sende sin uttale til notatet frå advokat Kvammen til sekretariatet 04.06.2018. Uttalen vart vidaresend til medlemmene i kontrollutvalet. Av utalen går det fram at fylkesrådmannen ikkje har merknader til advokat Kvammen sine utgreiingar, og tar konklusjonane til etterretning. Notatet frå fylkesrådmannen dagsett 19.01.2018 om status på saka vert også lagt ved saken til fylkestinget.

Fylkesrådmann, Tore Eriksen, og innkjøpssjef, Katrine Røkke Wilson orienterte om uttalen til notatet frå advokat Kvammen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart m.a. orientert om at det er halde to møte (23.1.2018 og 15.05.2018) med kommunane når det gjeld oppfølging av helsevikaravtalen. På møta var det fokus på oppfølging av korleis dei enkelte leverandørane fungerer.

**Endringsframlegg:**

Kontrollutvalet ønskjer at teksten «..... følgd opp som ....» vert stroke i punkt i innstillinga.

**Avrøyting:**

Med denne endringa i punkt 2 i innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.